Geit, Hund og Ku

Fabian Wakholi
Marleen Visser, Ingrid Schechter
Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand
Norwegian (Nynorsk)
Level 2

Geit, Hund og Ku var gode vener. Ein dag drog dei på tur med ein buss.

Då dei kom fram, bad sjåføren dei om å betala for billetten sin. Ku betalte for billetten sin.



Hund betalte litt ekstra fordi han ikkje hadde akkurat med pengar.



Sjåføren skulle akkurat til å gje Hund vekslepengane
då Geit stakk av utan å betala.



Sjåføren vart veldig sur. Han køyrde av garde utan å gje vekslepengane tilbake til Hund.



Det er difor Hund, sjølv i dag, spring mot bilar for å sjekka om han ser sjåføren som skuldar han vekslepengar.

Geit stikk når ho høyrer lyden av ein bil. Ho er redd for at ho vil bli arrestert for ikkje å ha betalt for billetten.

Og Ku bryr seg ikkje når det kjem ein bil. Ku brukar god tid når ho kryssar vegen fordi ho veit at ho betalte for heile billetten sin.

Storybooks Outline

global-asp.github.io/storybooks-outline

Geit, Hund og Ku

Written by: Fabian Wakholi
Illustrated by: Marleen Visser, Ingrid Schechter
Translated by: Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

This story originates from the African Storybook (africanstorybook.org) and is brought to you by Storybooks Outline in an effort to provide children's stories in the world's many languages.

This work is licensed under a Creative Commons
Attribution 3.0 International License.